

Arild Sunde Rinnan

Fra: Oddmund Grebstad
Sendt: 30. oktober 2017 11:12
Til: Arild Sunde Rinnan
Emne: VS: Bakkeplanering Bakkeøyane. Dokumentasjon på brukte masser
Vedlegg: Vedtak om bakkeplanering 2004.pdf; Søknad om bakkeplanering..pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Svar frå Dags Maskin om masser brukt ved bakkeplanering i Bakkeøyane.

Oddmund Grebstad

Fra: Arild Klokk, Dags Maskin AS [<mailto:arild@dagsmaskin.no>]
Sendt: 26. oktober 2017 17:40
Til: Oddmund Grebstad
Emne: SV: Bakkeplanering Bakkeøyane. Dokumentasjon på brukte masser

Massene er ei blanding mellom mold, silt og morenemasser som kjem fra forskjellige anlegg som var utført i perioden 2004 og utover til området var oppfylt. mykje masser fra blokkene, utgravingen på servictorget og Jarnesskulen. Massene er sjølvsagt blanda på tippen, men tippen var stabil og massene vart raskt kompakte. Mold som vart tilført tippen vart lagra opp på der fyllingen var ferdig og planert utover i et lag på ca 50 cm etter kvart som fyllingen ble ferdigstilt. vi avsluttet denne fyllingen for ca 10 år siden, så massene er nok stabile no.

Mvh. Arild Klokk

Fra: Oddmund Grebstad [<mailto:oddmund.grebstad@sykkylven.kommune.no>]
Sendt: 26. oktober 2017 14:13
Til: Arild Klokk
Kopi: Arild Sunde Rinnan
Emne: Bakkeplanering Bakkeøyane. Dokumentasjon på brukte masser

Hei.
Her er fylkeskommunen sin uttale til varsel om oppstart regulering :

*Forureining
I følge planprogrammet består delar av planområdet av eit godkjend deponiområde for fyllmasse. Det er vidare oppgitt at dette omfattar reine massar. Vi ber om ein synleggjer i planomtalen kva for metode som er nytta når ein påviste massane som reine.*

Vedlagt følgjer søknad om bakkeplanering og kommunen sitt vedtak.
Kan Dags Maskin skrive eit brev der dei dokumenterer kva type masser som er brukt ved ved bakkeplaneringa.

Mvh
Oddmund Grebstad

Sigurd Johan Saure
Auregarden
6230 SYKKYLVEN

Sykkylven, 12. oktober 2001

Sykkylven Kommune
V/Landbrukskontoret

6230 Sykkylven

Søknad om bakkeplanering / fyllplass for overskuddsmasse.

Underteikna ønsker med dette å søke om tillatelse til å etablere en fyllplass for overskuddsmasse i Bakkeøyane, nord for aureelva. Fyllplassen blir etablert i samarbeid med Dags Maskin og vil på litt sikt føre til at eg får tilført fleire titals mål til slåttearealet mitt i området.

Dags Maskin vil utvide og oppgradere eksisterende vei til området frå Grebstaddalen, og vil også sørge for at det ikkje blir konflikter med den planlagde utbygginga av gang- og sykkelveg i området.

Dags Maskin har fleire store prosjekt på gang i sentrumsnære område og har et stort behov for en tipplass for overskudds / samfengt masse, samt lager for matjord som skal tilbakeføres. Dette området vil være særst egneleg for begge formål.

Området som skal fyllast ut er i dag attgrodd med skog, og frå før våtlendt og kun overflatedyrka. Det er forholdsvis greit å bli kvitt vatn som fins i området.

Ein vil tilstrebe å behalde enkelte "åkerreiner" og smale striper med skog, evt etablere dette for å ta vare på et kulturlandskap der ein ikkje berre opplever området som ei stor samanhengande flate. Heile området består i dag av fleire mindre jordstykke med skog og skråningar innimellom.

Evt minimumsavstander til vassdrag og høgspenliner vil verte overhaldne med god margin.

Sidan Dags Maskin ønsker å etablere dette som fyllplass i løpet av hausten, håper vi på ei snarlig behandling og positiv tilbakemelding.

Sjå elles utarbeidde arealplan.

Med helsing

Sigurd Saure
Sigurd Johan Saure

SYKKYLVEN KOMMUNE LANDBRUKSKONTOR	
12 OKT 2001	



THU- delegasjonssak Do13/04

SIGURD JOHAN AURE - BAKKEPLANERING I BAKKEØYANE GNR 14/12.**Bakgrunn:**

Søkjaren har så tidleg som i oktober 2001 bedt om å få vurdert ein fyllplass for overskotsmasse på teigen sin i Bakkeøyane på gnr 14 bnr 12. Saka gjekk sidan litt att og fram, men i juli 2003 leverte Dags Maskin, som ønskjer å nytte fyllplassen, ein plan med nokre profilar over eksisterande og ferdig terreng for det planlagde tiltaket. Målet med arbeidet er todelt :

1. Etablere ein høveleg fyllplass for nokre år.
2. Planere kuppert areal til god "maskinmark" til jordbruksformål.

Utgreiing:

Planen viser eit areal på om lag 25 da. På den nordre delen er inngrepa i det eksisterande terrenget små. Dette arealet er vel 10 da og er dyrka. Det meste av fyllinga startar ved ein markert bakkekant. Terrenget skal her få same halling som dyrkamarka ovanfor og skal avsluttast med skråning med eit fall på om lag 1:6. Fyllinga skal avslutast om lag 50 m frå Aureelva på det næraste, der det går ei høgspenline gjennom området. På austsida skal fyllinga avsluttast med ein kanal som skal leie drenevatn og overflatevatn frå terrenget ovanfor utanom fyllinga og direkte til Aureelva. Tiltakshavar varslar at det kan verte aktuelt å søkje om å få fylle vidare austover seinare. Mot vest kan det verte aktuelt med ei mindre utviding inn på naboeigedomen gnr 14/15 for å få til ei naturleg overgang til eksisterande terreng her. Den søre delen av arealet er dels dyrka, dels udyrka mark. Det er spor etter såkalla "isdammar" innanfor området og utanfor austre avgrensing står ei eldre utløe.

Planen er lagt fram for lokal faginstansar innan, miljø og kultur og sende til tilsvarande instansar på fylkesplan. Det har ikkje kome merknader med vesentlege innvendingar. Planen er også lagt fram for bygningsteknisk avdeling i tilfelle tiltaket vert omfatta av plan og bygningslova.

Vurdering:

Søknaden skal behandlast etter forskrift om anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt, fastsett av miljøverndepartementet av 3.04.1989, då arbeidet tek sikte på å gjere brattlendt og kupert areal til dyrka jord som kan nyttast til maskinell jordbruksdrift.

Det er etter forskrifta høve til å sende forenkla søknad til kommunen. Kommunen skal vurdere den forenkla søknaden og avgjere om tiltaket krev meir omfattande planlegging etter forskrift og tekniske retningsliner.

Tiltaket er ikkje reint lite og fyllinga er oppgitt til nesten 55.000 m³ med høgde på opp i mot 6-7 m. Avstanden til Aureelva er bra og massane som er forventa brukt vil gje ei rimeleg stabil fylling. Vurderinga vert samla, at tiltaket kan setjast i verk utan vidare planlegging enn det som er lagt fram i den forenkla søknaden. Det må då nyttast massar som er stabile nok. Drenering av ferdig planert



areal må tilpassast til dei massane som vert nytta i tillegg til den avskjerande veita som er nemnt i søknaden. Den avsluttande skråninga mot sør, er etter søknaden ikkje brattare enn at den kan såast til og nyttast saman med eit mindre dyrkaområde ned mot elva. Tilplanting av skråninga slik søkjaren har nemnt, må også vere fullt brukbart.

Nytta av tiltaket både for jordbruksdrift og entreprenørverksemd vert vurdert å vere stor.

Vedtak:

I medhald av "Forkrift om anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt", vert det gitt løyve til fyllings/planeringsarbeidi Bakkøyane på gnr 14/15 i Sykkylven, basert på forenkla søknad og plan.

Arbeidet må utførast av maskinentreprenør som kan sikre at fyllinga vert stabil både under anlegg og i seinare drift.

Bj. Hovland
Bjarthe Hovland
-teknisk sjef-

Henrik Schmidt
Henrik Schmidt
-jordbrukssjef-

Utskrift til:

Sigurd Johan Saure, 6230 Sykkylven